



Tyssealand Arkitektur AS  
Strandgaten 19  
5013 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/1192 - 22/62388

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
18.08.2022

## **Igangsetjingsløyve for grunn- og betongarbeid - gbnr 318/12 Sagstad øvre**

**Administrativt vedtak:** Saknr: 890/22  
**Tiltakshavar:** Erik Knag Johannesen  
**Ansvarleg søkjar:** Tyssealand Arkitektur AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstaf a, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetjing av grunn- og terrengarbeidet på følgjande vilkår:**

- 1. Rammeløyve datert 09.11.2021 med vilkår gjeld for tiltaket.**
- 2. Plassering av avløpsleidning og tilkoplingspunkt til offentleg avløpsanlegg går fram av kart datert 28.06.2022.**
- 3. Før det vert gitt løyve til igangsetjing må det dokumenterast at tiltakshavar har rett til å leggja avløpsleidning over privat grunn og kopla seg til avløpsanlegg på tilvist plass.**

**Med heimel i Forskrift om saksbehandling i byggesak § 6-8 godkjenner kommunen Erik Knag Johannesen sin søknad om ansvarsrett som sjølvbygger for funksjonen utførande for grunn- og betongarbeidet.**

### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om igangsetjingsløyve for grunn- og betongarbeidet for tiltak på gbnr 318/12 i samsvar med godkjend rammeløyve datert 09.11.2021.

Det vert elles vist til revidert søknad om igangsetjingsløyve mottatt 28.06.2022.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 28.06.2022 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

## **Vatn og avløp**

Det er i søknaden opplyst at tilkopling til offentlig avløpsanlegg og etablering av avløpsledning fram til tilkoplingspunkt skal skje i eksisterande grøft for vassledning. Leidningstrase går fram av kart over vatn og avløp datert 28.06.2022. Det er opplyst i søknaden at tiltakshavar har avtale om påkopling til avløpsanlegg slik det er vist på kartskisse.

## **Ansvarsrettar**

Tiltakshavar Erik Knag Johannesen har søkt ansvarsrett som sjølvbyggjar av eigen bustad for funksjonen utførande for grunnarbeidet. Tiltakshavar har sannsynleggjort nødvendig kompetanse ved bruk av eiga utdanning/praksis.

## **VURDERING**

Alver kommune godkjenner søknaden om igangsetjingsløyve. Vi legg til grunn at tiltaket ikkje omfattar løyve til etablering av avløpsledning, eller tiltak på privat grunn. Før ytterlegare igangsetjingsløyve vert gitt må det dokumenterast at tiltakshavar har rett til å leggja avløpsledning over privat grunn og kopla seg til avløpsanlegg på vist stad.

## **Plassering**

Plassering av avløpsledning og tilkoplingspunkt til offentlig avløpsanlegg går fram av kart datert 28.06.2022.

## **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Tiltakshavar har etter kommunen si vurdering sannsynleggjort at arbeidet vil bli utført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Søknaden om ansvarsrett for utførande av grunn- og betongarbeid vert godkjend.

Ansvarsrettar elles i tiltaket går fram av gjennomføringsplan versjon 3.

## **Aktuelt regelverk**

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

